



Kyrre Furdal Nyheim
Fosse 244 A
5919 FREKHAUG

Ikkje off.
§ 24 2. ledd 2. punktum

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2341 - 21/46570

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2021

Oppfølging av vedtak med pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt - Grønevika, Flatøy - båtvrak

Administrativt vedtak: **Saknr. 744/21**
Tiltakshavar: Kyrre Furdal Nyheim
Tiltak: Fjerning av båtvrak

Saksutgreiing

Vi viser til vårt vedtak datert 22.02.2021 med krav om fjerning av to båtvrak ved Grønevika, Flatøy med frist for opprydding **01.06.2021**.

I vedtaket krev kommunen tilbakemelding når vraka var fjerna. Alver kommune har ikkje motteke noko tilbakemelding frå deg innan den fristen du vart gitt.

Du vart i vedtaket varsla om at kommunen kan fjerne båtane for eigar si rekning og at kommunen kan skrive ut tvangsmulkt dersom båtvraka ikkje vart fjerna innan fristen som var sett i vedtaket. På grunnlag av dette fattar Alver kommune følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i Forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor kr. 15.000,- samt ei dagmulkt på kr. 200,- frå og med 01.08.2021 dersom båtvraka ikkje vert fjerna og kommunen har motteke dokumentasjon på dette innan 01.08.2021.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Desse båtvraka har lagt i Grønevika sidan tidleg i 2020. Båtvraka er strid med Forureiningslova § 28, første ledd, «Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmande eller være til skade eller ulempe for miljøet».

Det er forureinar sitt ansvar å sørge for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande.

Etterlating og dumping av båtane er i strid med forureiningslova § 28. Det kan oppstå lekkasje av olje og diesel frå vraket.

Kommunen er kjent med at du har eigarskap til denne båtane. Du er dermed ansvarleg for å ha etterlatt dei i ein slik tilstand at dei sokk.

Føresegna i Forureiningslova § 28 seier at alle har ei plikt til å unngå forsøpling.

Den som har brote forsøplingsforbudet i Forureiningslova, plikter av eige tiltak å sørge for opprydding, jf. lovas § 28 siste ledd, «*Den som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding*». Alver kommune har etter Forureiningslova § 37 mynde til å gje pålegg til den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, om å fjerne dette avfallet.

Båtvraka skal leverast til godkjent deponi/gjenvinningsstasjon og kvittering på innlevert avfall skal sendast kommunen saman med biletdokumentasjon på at avfallet er fjerna.

Dersom kommunen innan 01.08.2021 ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletdokumentasjon frå deg med opplysningar om opprydding vil kommunen fakturere tvangsmulkt i form av ei eingongsmulkt stor kr. 15.000,- samt ei dagmulkt på kr. 200,- frå og med 01.08.2021 fram til kommunen mottek dokumentasjon på at vraket er fjerna.

Vi gjer merksam på vedtaket om at kommunen kan fjerne båtane for eigars rekning framleis gjeld.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdslova § 7-2, bokstav d. Tvangsmulkta kan innkrevjast utan opphald av Statens innkrevingssentral.

Den som unnlet å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jf. Forureiningslova §§ 78 og 79.

Tilbakemelding

Når rydding er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Du må leggje ved bilete som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

Plikt til å unngå forureining følgjer av Forureiningslova § 7.

Plikt til å unngå forsøpling følgjer av Forureiningslova § 28.

Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av Forureiningslova § 37 1.ledd.

Ilegging av tvangsmulkt følgjer av Forureiningslova § 73.

Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av Forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56 34 90 06 eller på e-post hogne.askeland@alver.kommune.no

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 første ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/2341

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kyrre Furdal Nyheim

Fosse 244 A

5919 FREKHAUG